



Ingvar Pettersen har utstilling i helga. Her er han sist han hadde utstilling på heimleg grunn - for 3 år sidan. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Ingvar Pettersen, som sjølv heller vil kalla seg handverkar enn kunstnar, har laurdag og sundag utstilling i grendahuset i Bringedalsbygda., begge dagar frå 14 til 18

Han har gjennom åra måla mange motiv også frå Uskedalen og det er innslag frå vår bygd også i denne utstillinga. Og så er det motiv som vi har felles, til dømes Hardangerjekta Mathilde i grov sjø.

- Det blir rundt 30 maleri og halvparten har motiv frå Kvinnherad, fortel Pettersen, som sist hadde utstilling på heimleg grunn for 3 år sidan.

- Det har vist seg å vera stor interesse for motiv der folk kjenner seg heime, seier Pettersen og viser til suksessen både i det gamle skulehuset i 2007 og på Balstad i Lofoten året etter. Også der nord satsa han på lokale motiv og dei selde svært bra.

Han malar for det meste på bestilling men i den seinare tid har han stått på for å få ferdig eit høveleg bildetal.

Eitt av maleria får grendahuset slik at dei kan lodda det ut til inntekt for huset.

- Eg er ikkje kunstnar, men handverkar på halv tid, seier Pettersen til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen



Mathilde - eit av maleria i utstillingen